

ÅRSRAPPORT 2017

Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS

IKA-Hordaland IKS skal arbeide for at for at verdifullt arkivmateriale i deltakarkommunane vert teke vare på og sikra som informasjonskjelder for samtid og ettertid, samt gjort tilgjengeleg for offentleg verksemd, forskning og andre administrative og kulturelle formål.

Styret sitt hovudfokus for 2017 har vore arbeidet med strategi for perioden 2017-2020, utviding av den eksisterande magasinkapasiteten, tilbod om oppdragsavtalar samt å følgje opp PWC sin rapport om ny finansieringsløysing for selskapet i samband med kommunereforma.

Eigarkommunane har framleis mykje «arkivgjeld» som skal gjerast opp før samanslåing. Ny tilsynsmetodikk, ny arkivforskrift og ny arkivlov skjerpar krava til samsvar og god arkivforvaltning. Selskapet si rolle i dette arbeidet vert avhengig av kva eigarane ynskjer av tenester og av kor mykje ressursar dei er villige til å sende vår veg.

Dagleg leiar Rune Lothe

21.03.2018



ORGANISASJON OG ADMINISTRASJON 2017

Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS har sidan 2009 vore lokalisert saman med Bergen Byarkiv og leigd administrasjonslokale og arkivmagasin i Kalfarveien 82 i Bergen.

Selskapet sitt føremål er å arbeide for at for at verdifullt arkivmateriale i deltakarkommunane vert tatt vare på og sikra som informasjonskjelder for samtid og ettertid, og gjort tilgjengeleg for offentleg verksemd, forskning og andre administrative og kulturelle formål, jf. *Arkivlova § 6*.

Styret sitt hovudfokus for 2017 har vore arbeidet med strategi for perioden 2017-2020, utviding av den eksisterande magasinkapasiteten, utarbeide tilbod om oppdragsavtalar og oppfølging av PWC sin rapport om ny finansieringsløyising for selskapet i samband med kommunereforma.

I 2017 hadde selskapet 32 eigarkommunar:

Askøy kommune	Jondal kommune	Samnanger kommune
Austevoll kommune	Kvam herad	Sveio kommune
Austrheim kommune	Kvinnherad kommune	Tysnes kommune
Bømlo kommune	Lindås kommune	Ullensvang herad
Eidfjord kommune	Masfjorden kommune	Ulvik herad
Etne kommune	Meland kommune	Vaksdal kommune
Fedje kommune	Modalen kommune	Voss kommune
Fitjar kommune	Odda kommune	Øygarden kommune
Fjell kommune	Os kommune	Stord kommune
Fusa kommune	Osterøy kommune	Sund kommune
Granvin herad	Radøy kommune	

Selskapet si organisering og verv

Selskapet sitt øvste styringsorgan er representantskapet. Ordinært møte i representantskapet vart halde tysdag 25. april 2017 på Solstrand Bad og Hotell, og vart leia av representantskapet sin leiar, Lars Barstad frå Meland kommune. Nestleiar er Nils T. Økland frå Stord kommune.

Styret og varamedlemmer fram til 25. april 2017

Leiar:	Jan Tore Helle
Nestleiar:	Birte Young
Styremedlem:	Jostein Eitrheim
Styremedlem:	Sigrid Laupsa
Styremedlem:	Ole Jonny Oppkvitne
Tilsettrepresentant:	Anita Haugen Lie, IKAH
Observatør:	Terje Nomeland, Arkivverket

1.Vara:	Rune Heradstveit
2.Vara:	Bente Skjerping
3.Vara:	Jenny Aanderaa

Styret og varamedlemmer etter 25. april 2017

Leiar:	Birte Young
Nestleiar:	Jostein Eitrheim
Styremedlem:	Rune Heradstveit
Styremedlem:	Sigrid Laupsa
Styremedlem:	Bente Skjerping
Tilsettrepresentant:	Anita Haugen Lie, IKAH
Observatør:	Terje Nomeland, Arkivverket

1.Vara:	Jakob Enerhaug
2.Vara:	Kristin Jordal
3.Vara:	Jenny Aanderaa

Valnemnd både før og etter 25. april 2017

Leiar:	Aud Løklingholm, Bømlo kommune
Medlem:	Sigmund Vikane, Modalen kommune
Medlem:	Mari Mæland, Granvin kommune

Dagleg leiar fungerer som sekretær og sakshandsamar for styret. Styret har hatt fem møte, og handsama 34 saker kring selskapet si drift og administrasjon.

Selskapet har i 2017 hatt 10 arbeidstakarar. Av disse er 7 menn og 3 kvinner. Seks av stillingane er faste, to er prosjektstillingar og to har vore leigde inn i samband med permisjonar, sjukdom og auka arbeidsmengd. Samla sett er det i 2017 produsert 6,4 årsverk.

Tilsette i selskapet

Lill Tåve Jørgensen, fagarbeidar (permisjon frå 01.01.2017- 24.04.2017 og 08.09.2017-31.12.2017)
Inge Vikane, fagarbeidar
Eirik Netteland, rådgjevar
Anita Haugen Lie, rådgjevar
Øyvind Olsen, rådgjevar
Rune Lothe, dagleg leiar

Tilsette på prosjekt

Helene Reksten (prosjekt frå 01.01.2017-31.12.2017)
Terje Hevrøy (prosjekt frå 01.10.2017)


Innleigde

Jørn Harald Grov frå 01.01.2017-31.06.2017 (vikar)
Marius B. Lind (vikar på timar)

ØKONOMIEN I SELSKAPET

Selskapet er i sterk vekst og vi har i fleire år levert positive resultat før skatt. Utrekningar som vi har fått gjort, syner likevel at eigarkommunane framleis skyv stor *arkivgjeld* og framtidige kostnader framfor seg. Grove kalkyler syner at om selskapet skulle slutføre dei oppgåvene ein har forplikta seg til gjennom selskapsavtalen i løpet av den gjeldande økonomiplanperioden, måtte omsetninga ha vore auka med over 10-15 millionar kroner årleg dei neste fire åra.

Ei slik auke er lite truleg. Vi har like fullt i løpet av dei siste sju åra, dobla omsetjinga frå 4,5 millionar i 2010 til 9,5 millionar i 2017. Den årlege auka for eigartilskotet for same periode har lege på 3,32 % noko som er om lag på merke i følge løn og prisutvikling frå SSB. Veksten i omsetjinga har i staden komme som forbruksbasert vekst eller det at selskapet no leverer meir forbruksbaserte tenester enn før.




Tabell 1. inntekt fordelt etter inntektskjelde 2010-2017

Utvidinga av magasin for arkivdepot dei siste 6 åra, i tillegg til at eigarkommunane no deponerer meir arkiv, har medført at depottenesta for papirarkiv er selskapet si største inntektskjelde¹. Oppdragsbaserte tenester, som til dømes ordning av papirarkiv utanfor eigartilskotet, vil ved inngangen til 2018 truleg gå forbi eigartilskotet og bli selskapet si andre største inntektskjelde².

¹ Sjå arkivdepot og formidling for meir detaljar kring utviklinga.

² Sjå oppdragsavtalar for detaljar kring utviklinga.

Eigartilskotet er meint å dekke administrasjon og drift av selskapet, og skal i tillegg dekke rådgjeving og kompetanse samt ordning av arkiv frå 1965-1985 til eigarkommunane. Dei siste 7 åra er det levert over dobbelt så mykje tenester innanfor eigartilskotet enn dei føregåande 7 åra³. Vi har såleis både skapt verdi for eigarane våre og på fleire måtar spart kostnader.



Tabell 2. Produserte årsverk 2011-2017.

Som tabellen syner har aktiviteten og talet på årsverk produsert i selskapet vore aukande dei siste åra. I januar 2016, auka talet på fast tilsette frå 5 til 6, og dei siste 5 åra er det samla sett produsert 2,7 årsverk enn budsjettert. Årsverka har i hovudsak vore finansierte gjennom forbruksbaserte inntekter frå ordning og deponering av store mengder papirarkiv.

All auke i tenesteproduksjon og aktivitet fører og med seg kostnader. I perioden 2010-2017 auka driftskostnadane i selskapet frå om lag 1,35 millionar kroner i 2010 til 3,9 millionar kroner i 2017. Største delen av denne auken skuldast arealutvidingar og det at vi i 2010 leigde 291 m² medan vi i 2017 leigde 769 m². Husleigekostnadane utgjer i 2017 om lag 43% av driftsbudsjettet.

Andre driftskostnader forutan husleige og kjøp av eksterne tenester, har frå 2015-2017 auka i snitt med 25% årleg. Dette skuldast at vi gjennom utvidinga av tenestene og auka aktivitet har vore nøydde til å kjøpe ein del utstyr. Alle investeringar i utstyr er såpass små at dei vert ført via driftsbudsjettet, i tillegg til at vi òg leiger og kjøper ein del fleire tenester no enn tidligare. Digitalisering fører òg med fleire transaksjonskostnader og ulike lisenskostnader enn tidligare, som gjer at driftsbudsjettet aukar ytterlegare.

³ Jf. statistikk frå årsrapportar for IKA Hordaland 2010-2017, for variablane kommunebesøk, ordna og registrerte arkiv og kursdeltakarar.

REKNESKAP 2017 MED NOTER

Utarbeidet av:

Hardanger Økonomiservice AS
 Autorisert regnskapsførerselskap
 Postboks 40
 5783 EIDFJORD
 Organisasjonsnr. 986173943

Resultatregnskap

	Note	jan-des 17	jan-des 16	Budsjett 31.12	Avvik HiÅ/B
DRIFTSINNEKTER OG DRIFTSKOSTNADER					
Driftsinntekter					
Salgsinntekt	2	9 518 520	8 013 576	8 300 000	1 218 520
Sum driftsinntekter		9 518 520	8 013 576	8 300 000	1 218 520
Driftskostnader					
Varekostnad		(6 658)	400	0	(6 658)
Lønnskostnad	1	4 512 141	3 933 907	5 250 000	(737 859)
Annen driftskostnad		3 874 850	3 918 240	3 250 000	624 850
Sum driftskostnader		8 380 334	7 852 547	8 500 000	(119 666)
DRIFTSRESULTAT		1 138 186	161 029	(200 000)	1 338 186
FINANSINNEKTER OG FINANSKOSTNADER					
Finansinntekter					
Annen renteinntekt		36 348	34 880	25 000	11 348
Annen finansinntekt		676	648	0	676
Sum finansinntekter		37 024	35 528	25 000	12 024
Finanskostnader					
Annen rentekostnad		2 103	1 208	0	2 103
Annen finanskostnad		0	558	0	0
Sum finanskostnader		2 103	1 766	0	2 103
NETTO FINANSPOSTER		34 921	33 761	25 000	9 921
ORDINÆRT RES. FØR SKATTEKOSTNAD		1 173 107	194 790	(175 000)	1 348 107
Skattekostnad på ordinært resultat		0	0	0	0
ORDINÆRT RESULTAT		1 173 107	194 790	(175 000)	1 348 107
ÅRSRESULTAT		1 173 107	194 790	(175 000)	1 348 107
OVERF. OG DISPONERINGER					
Overføringer annen egenkapital		1 173 107	194 790	(175 000)	1 348 107
SUM OVERF. OG DISP.		1 173 107	194 790	(175 000)	1 348 107

	Note	jan-des 17	jan-des 16
DRIFTSINNETEKTER OG DRIFTSKOSTNADER			
Driftsinntekter			
Salgsinntekt	2	9 518 520	8 013 576
Sum driftsinntekter		9 518 520	8 013 576
Driftskostnader			
Varekostnad		(6 658)	400
Lønnskostnad	1	4 512 141	3 933 907
Annen driftskostnad		3 874 850	3 918 240
Sum driftskostnader		8 380 334	7 852 547
DRIFTSRESULTAT		1 138 186	161 029
FINANSINNETEKTER OG FINANSKOSTNADER			
Finansinntekter			
Annen renteinntekt		36 348	34 880
Annen finansinntekt		676	648
Sum finansinntekter		37 024	35 528
Finanskostnader			
Annen rentekostnad		2 103	1 208
Annen finanskostnad		0	558
Sum finanskostnader		2 103	1 766
NETTO FINANSPOSTER		34 921	33 761
ORDINÆRT RES. FØR SKATTEKOSTNAD		1 173 107	194 790
Skattekostnad på ordinært resultat		0	0
ORDINÆRT RESULTAT		1 173 107	194 790
ÅRSRESULTAT		1 173 107	194 790
OVERF. OG DISPONERINGER			
Overføringer annen egenkapital		1 173 107	194 790
SUM OVERF. OG DISP.		1 173 107	194 790

	Note	jan-des 17	jan-des 16
EIENDELER			
ANLEGGSMIDLER			
Finansielle anleggsmidler			
Investeringer i aksjer og andeler	4	136 924	120 017
Sum finansielle anleggsmidler		136 924	120 017
SUM ANLEGGSMIDLER		136 924	120 017
OMLØPSMIDLER			
Fordringer			
Kundefordringer		174 047	21 089
Andre kortsiktige fordringer		726 298	762 345
Sum fordringer		900 345	783 434
Bankinnskudd, kontanter o.l.	3	7 784 755	4 295 905
SUM OMLØPSMIDLER		8 685 100	5 079 338
SUM EIENDELER		8 822 024	5 199 355
EGENKAPITAL OG GJELD			
EGENKAPITAL			
Innskutt egenkapital			
Annen innskutt egenkapital	2	(0)	(0)
Sum innskutt egenkapital		(0)	(0)
Opptjent egenkapital			
Annen egenkapital	6	4 014 395	2 714 288
Udekket tap		(127 000)	0
Sum opptjent egenkapital		3 887 395	2 714 288
SUM EGENKAPITAL		3 887 395	2 714 288
GJELD			
LANGSIKTIG GJELD			
Avsetning for forpliktelser			
Pensjonsforpliktelser	5	1 371 757	1 642 893
Sum avsetning for forpliktelser		1 371 757	1 642 893
SUM LANGSIKTIG GJELD		1 371 757	1 642 893
KORTSIKTIG GJELD			
Leverandørgjeld		2 887 423	290 371
Skyldig offentlige avgifter		197 220	135 736
Annen kortsiktig gjeld		478 229	416 068
SUM KORTSIKTIG GJELD		3 562 872	842 174
SUM GJELD		4 934 629	2 485 067
SUM EGENKAPITAL OG GJELD		8 822 024	5 199 355

Noter 31.12.2017

Regnskapsprinsipper

Årsregnskapet er satt opp i henhold til regnskapsloven og god regnskapsskikk. De unntaksregler som gjelder for små foretak er benyttet der annet ikke er angitt. Selskapet har videre fulgt relevante bestemmelser i Norsk Regnskaps Standard utarbeidet av Norsk Regnskapsstiftelse.

De regnskapsprinsipper som er gjengitt i regnskapslovens kapittel 4 om grunnleggende prinsipper og god regnskapsskikk og kapittel 5 om vurderingsregler er ikke gjengitt i denne innledende noten om regnskapsprinsipper dersom det ikke foreligger forhold ved regnskapsposten eller prinsippene og vurderingsreglene som fordrer en presisering (valgadgang mv.)

Presisering mht regnskapsprinsipper:

Intektsføring

Inntektsføring skjer etter opptjeningsprinsippet, som normalt vil være leveringstidspunktet for varer og tjenester. Kostnader medtas etter sammenstillingsprinsippet, dvs. at kostnader medtas i samme periode som tilhørende inntekt.

Pensjonsforpliktelser:

Selskapet har pensjonsavtale gjennom en forsikringsavtale. Pensjonsforpliktelser og pensjonsmidlene er oppført som netto pensjonsforpliktelse i regnskapet. Årets betalte premie er bokført i resultatregnskapet.

Skatt

Interkommunalt Arkiv Hordaland IKS har ikke erverv til formål og driver ikke økonomisk virksomhet. Selskapet er derfor fritatt for skatteplikt og det er ikke beregnet skattekostnad i årsregnskapet.

Noter 31.12.2017

Note 1 - Lønnskostnad

Lønnskostnader

Selskapet har hatt 6 årsverk i regnskapsåret.

Spesifikasjon av lønnskostnader:

	2017	2016
Lønn	3 749 657	3 226 111
Refusjoner Nav	-99 880	-333 002
Arbeidsgiveravgift	556 483	480 261
Pensjonskostnader	536 317	475 406
Andre lønnsrelaterte ytelser	-230 435	85 131
Totalt	4 512 141	3 933 907

Lønn og styregodtgjørelse mv til ledende personer og revisor

Daglig leder	644 447
Styremedlemmer	81 000
Revisjonshonorar, som består av:	
Revisjon	14 500

Det er ikke utbetalt pensjonsytelser eller andre ytelser enn lønn til daglig leder og styremedlemmer

Interkommunalt arkiv i Hordaland har kollektiv pensjonsordning (tjenestepensjonsordning) for sine tilsette.

Note 2 - Eierinformasjon

Overføring mellom selskap og deltakere

Firma/Person			Eigarandel	Beløp
Askøy Kommune	1247	964338442	4,61 %	-162 003,01
Austevoll Kommune	1244	941139787	2,85 %	-100 153,70
Austrheim Kommune	1264	948350823	1,97 %	-69 229,05
Bømlo Kommune	1219	834210622	4,61 %	-162 003,01
Eidfjord Kommune	1232	944227121	1,97 %	-69 229,05
Etne Kommune	1211	959435375	2,85 %	-100 153,70
Fedje Kommune	1265	944041036	1,97 %	-69 229,05
Fitjar Kommune	1222	944073310	1,97 %	-69 229,05
Fjell Kommune	1246	951996777	4,61 %	-162 003,01
Fusa Kommune	1241	964968896	2,85 %	-100 153,70
Granvin Kommune	1234	844162502	1,97 %	-69 229,05
Jondal Kommune	1227	944439927	1,97 %	-69 229,05
Kvam Kommune	1238	944233199	3,73 %	-131 078,35
Kvinnherad Kommune	1224	964967636	4,61 %	-162 003,01
Lindås Kommune	1263	935084733	4,61 %	-162 003,01
Masfjorden Kommune	1266	945627913	1,97 %	-69 229,05
Meland Kommune	1256	951549770	3,73 %	-131 078,35
Modalen Kommune	1252	964969302	1,97 %	-69 229,05
Odda Kommune	1228	964967814	3,73 %	-131 078,35
Os Kommune	1243	844458312	4,61 %	-162 003,01
Osterøy Kommune	1253	964338712	3,73 %	-131 078,35
Radøy Kommune	1260	854748634	2,85 %	-100 153,70
Samnanger Kommune	1242	964968985	1,97 %	-69 229,05
Stord Kommune	1221	939866914	4,61 %	-162 003,01
Sund Kommune	1245	964338809	3,73 %	-131 078,35
Sveio Kommune	1216	864967275	2,85 %	-100 153,70
Tysnes Kommune	1223	959412340	1,97 %	-69 229,05
Ullensvang Herad	1231	964967903	2,85 %	-100 153,70
Ulvik Kommune	1233	971159928	1,97 %	-69 229,05
Vaksdal Kommune	1251	961827961	2,85 %	-100 153,70
Voss Kommune	1235	960510542	4,61 %	-162 003,01
Øygarden Kommune	1259	938766223	2,85 %	-100 153,70
			100,00 %	-3 514 165,00

Note 3 - Bankinnskudd, kontanter o.l.

Skattetrekkinnskudd utgjør pr 31.12. i år kr 467 052 og utgjorde pr 31.12. i fjor kr 408 415.

Note 4 - Egenkapitaltilskudd

Interkommunalt arkiv i Hordaland har kollektiv pensjonsordning (tjenestepensjonsordning) for sine tilsette. Egenkapitalen i KLP skal til enhver tid stå i forhold til den pensjonsforpliktelsen IKAH IKS har overfor anstte. Egenkapitalen blir fordelt hvert år av KLP uavhengig av hvilket egenkapitalbeløp som er betalt inn. Egenkapitalen vil derfor variere fra år til år. Balanseført kapitalinnskudd består av akkumulerte historiske innbetalinger.

Note 5 - Pensjonsforpliktelser**Pensjonsnote**

Balanseført netto forpliktelse IB 1.1	1 439 871
Netto pensjonskostnad	548 123
Administrasjonskostnad/Rentegaranti	28 464
Innbetalt premie/tilskudd (inkl. adm.)	-548 262
Brutto estimatavvik	-265 955
Nettoeffekt av fisjon/fusjon	0
Balanseført netto forpliktelse UB 31.12	1 202 241
Grunnlag for fremtidig arbeidsgiveravgift av forpliktelse	169 516

Medlemsstatus	01.01.2016	01.01.2017
Antall aktive	6	7
Antall opsatte	8	8
Antall pensjoner	4	4

Note 6 - Egenkapital**Egenkapital**

Annen egenkapital 1.1.2017	2 714 288
+ Årets resultat	1 173 106
Annen egenkapital 31.12.2017	<u>3 887 394</u>

Bergen, 15.02.18

Birte Young

Birte Young

Sigrid Laupsa

Sigrid Laupsa

Rune Heradstveit

Rune Heradstveit

Bente Skjerping

Bente Skjerping

Jenny Aanderaa

Jenny Aanderaa

Rune Lothe

Rune Lothe

REVISOR SI FRÅSEGN



Deloitte AS
Damsgårdsvelen 135
Postboks 6013 Postterminalen
NO-5892 Bergen
Norway

Tel: +47 55 21 81 00
Fax: +47 55 21 81 33
www.deloitte.no

Til representantskapet i Interkommunalt Arkiv i Hordaland IKS

UAVHENGIG REVISORS BERETNING

Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet

Konklusjon

Vi har revidert Interkommunalt Arkiv i Hordaland IKS' årsregnskap som viser et overskudd på kr 1.173.107. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2017 og resultatregnskap for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening er det medfølgende årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettviseende bilde av selskapets finansielle stilling per 31. desember 2017, og av dets resultater for regnskapsåret som ble avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler, tilleggsbestemmelser i lov om interkommunale selskaper, forskrift om årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for interkommunale selskaper og god regnskapsskikk i Norge.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder de internasjonale revisjonsstandardene (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet i Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av årsregnskapet. Vi er uavhengige av selskapet slik det kreves i lov og forskrift, og har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Øvrig informasjon

Ledelsen er ansvarlig for øvrig informasjon. Øvrig informasjon består av informasjon i selskapets årsrapport, men inkluderer ikke årsregnskapet og revisjonsberetningen.

Vår uttalelse om revisjonen av årsregnskapet dekker ikke øvrig informasjon, og vi attesterer ikke den øvrige informasjonen.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese øvrig informasjon med det formål å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom øvrig informasjon og årsregnskapet, kunnskap vi har opparbeidet oss under revisjonen, eller hvorvidt den tilsynelatende inneholder vesentlig feilinformasjon.

Dersom vi hadde konkludert med at den øvrige informasjonen inneholder vesentlig feilinformasjon er vi pålagt å rapportere det. Vi har ingenting å rapportere i så henseende.

Styrets og daglig leders ansvar for årsregnskapet

Styret og daglig leder er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet i samsvar med lov og forskrifter, herunder for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler, tilleggsbestemmelser i lov om interkommunale selskaper, forskrift om årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for interkommunale selskaper og god regnskapsskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik intern kontroll den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited, a UK private company limited by guarantee ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no for a more detailed description of DTTL and its member firms.

Registrert i Foretaksregisteret
Medlemmer av Den norske Revisorforening
Organisasjonsnummer: 980 211 282

© Deloitte AS

Ved utarbeidelsen av årsregnskapet må ledelsen ta standpunkt til selskapets evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetningen om fortsatt drift skal legges til grunn for årsregnskapet så lenge det ikke er sannsynlig at virksomheten vil bli avvirket.

Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål med revisjonen er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke økonomiske beslutninger som brukerne foretar basert på årsregnskapet.

Som del av en revisjon i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, utøver vi profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentlig feilinformasjon i årsregnskapet, enten det skyldes misligheter eller utilsiktede feil. Vi utformer og gjennomfører revisjonshandlinger for å håndtere slike risikoer, og innhenter revisjonsbevis som er tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon som følge av misligheter ikke blir avdekket, er høyere enn for feilinformasjon som skyldes utilsiktede feil, siden misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste utelatelser, uriktige fremstillinger eller overstyring av intern kontroll.
- opparbeider vi oss en forståelse av den interne kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av selskapets interne kontroll.
- evaluerer vi om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimaterne og tilhørende noteopplysninger utarbeidet av ledelsen er rimelige.
- konkluderer vi på hensiktsmessigheten av ledelsens bruk av fortsatt drift-forutsetningen ved avleggelsen av årsregnskapet, basert på innhentede revisjonsbevis, og hvorvidt det foreligger vesentlig usikkerhet knyttet til hendelser eller forhold som kan skape tvil av betydning om selskapets evne til fortsatt drift. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentlig usikkerhet, kreves det at vi i revisjonsberetningen henleder oppmerksomheten på tilleggsopplysningene i årsregnskapet, eller, dersom slike tilleggsopplysninger ikke er tilstrekkelige, at vi modifierer vår konklusjon om årsregnskapet. Våre konklusjoner er basert på revisjonsbevis innhentet inntil datoen for revisjonsberetningen. Etterfølgende hendelser eller forhold kan imidlertid medføre at selskapet ikke fortsetter driften.
- evaluerer vi den samlede presentasjonen, strukturen og innholdet i årsregnskapet, inkludert tilleggsopplysningene, og hvorvidt årsregnskapet gir uttrykk for de underliggende transaksjonene og hendelsene på en måte som gir et rettviseende bilde.

Vi kommuniserer med styret blant annet om det planlagte omfanget av revisjonen og til hvilken tid revisjonsarbeidet skal utføres. Vi utveksler også informasjon om forhold av betydning som vi har avdekket i løpet av revisjonen, herunder om eventuelle svakheter av betydning i den interne kontrollen.

Uttalelse om øvrige lovmessige krav

Konklusjon om budsjett

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at de disposisjoner som ligger til grunn for årsregnskapet i det alt vesentlige er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpene i årsregnskapet stemmer med regulert budsjett.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av selskapets regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

Bergen, 19. mars 2018
Deloitte AS



Helge-Roald Johnsen
statsautorisert revisor

STYRET SI ÅRSMELDING 2017

Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS er eit selskap organisert etter Lov om interkommunale selskap. Selskapet har følgjande kommunar i Hordaland som deltakarar: Askøy, Austevoll, Austrheim, Bømlo, Eidfjord, Etne, Fedje, Fitjar, Fjell, Fusa, Granvin, Jondal, Kvam, Kvinnherad, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Odda, Os, Osterøy, Radøy, Samnanger, Stord, Sund, Sveio, Tysnes, Ullensvang, Ulvik, Vaksdal, Voss og Øygarden.

Selskapet har kontor i Bergen kommune og har som formål å arbeide for at verdifullt arkivmateriale i deltakarkommunane blir tatt vare på og gjort tilgjengeleg for offentleg verksemd, forskning og andre administrative og kulturelle føremål.

Leiar for representantskapet har vore: Lars Barstad, Meland og nestleiar er Nils T. Økland Stord.

Styret har bestått av:

Leiar: Birte Young
Nestleiar: Jostein Eitrheim
Medlem: Rune Heradstveit
Medlem: Sigrid Laupsa
Medlem: Bente Skjerping

Varamedlemmer etter liste:

1. Jakob Enerhaug
2. Kristin Jordal
3. Jenny Aanderaa

Tilsettere representant: Anita Haugen
Observatør frå Statsarkivet Terje Nomeland.

Dagleg leiar fungerer som sekretær og saksbehandlar for styret. Styret har i alt hatt fem møter i 2017 og behandla 34 saker om arkivet sin drift og økonomi.

Vi har ikkje hatt nokon arbeidsulykker i løpet av 2017. Sjukefråværet i 2017 har vore 6,9 % av arbeidstida. Selskapet har 8 tilsette, tre kvinner og fem menn. Selskapet si verksemd har ingen konsekvensar for det ytre miljø.

Årsrekneskapen for 2017 viser eit resultat på 1 173 107,- kr før skatt. Årsrekneskapen er sett opp med den føresetnad om at drifta skal halde fram.

Vi stadfester hermed at føresetnaden for framhald av drifta er til stades.

Bergen. 15.02.18


Birte Young


Sigrid Laupsa


Rune Heradstveit


Bente Skjerping


Jenny Aanderaa


Rune Lothe


ARKIVDEPOT OG FORMIDLING

Våre eigarkommunar er enno ikkje a jour med deponeringane etter forskrifta. Kommunereforma og samanslåing av nær ein tredjedel av dei eksisterande kommunane i fylket gjer òg at store mengder arkivmateriale skal overførast til depot dei neste 4-5 åra. Behovet for meir depotplass dei komande åra er stipulert til å vere om lag 8000 hyllemeter, eller vel ei dobling av dagens kapasitet.

Arbeidet med å utvide kapasiteten er i gang. Frå september 2016 tok vi i bruk nye magasin, då den eksisterande kapasiteten var i ferd med å bli brukt opp. I overkant av 2000 nye hyllemeter er tilgjengelig for eigarane våre frå 2017 og utover.

Vi tok i mot 11 deponeringar i 2017 og til saman leverte kommunane over 640 meter arkiv til depot. Utpakking, kontroll og oppstilling utgjorde til saman over ½ årsverk og det var i periodar ein tilsett som arbeidde fulltid med dette arbeidet

Vi har i løpet av dei siste åra auka både kapasitet og bestand kraftig, frå vel 800 til 10 000 hyllemeter på 9 år. Dette har medført ein del økonomiske så vel som planmessige utfordringar. Det er eit uttalt mål at vi skal ha så få tomme hyller som mogeleg for å spare eigarane å betale for hyller som ikkje er i bruk. I samband med kommunereforma og tilsyn frå Arkivverket, treng kommunane betydeleg større kapasitet og mange er allereie i gang med å deponere over 180 år med forvaltningshistorie og dokumenterte rettar til oss. Ved utgangen av 2017 hadde vi ei fyllingsgrad på vel 60%.⁴




Tabell 3. Depotsituasjonen for papirarkiv.

⁴ Jamfør dei leigeavtaler vi hadde pr. 31.12.

Som eit resultat av at kommunane no deponerer stadig nyare arkiv, handsama vi i 2017 om lag 45 % fleire saker kring innsyn enn i 2016. Innsyna er òg meir tidkrevjande enn før. Vi nytta om lag 60 dagsverk til ekspedisjonar i 2016, har sett ei auke på over 100 % og vi nyttar i meldingsåret over 133 dagsverk til dette arbeidet. Like fullt svarar vi stort sett innan 2-3 dagar og materialet vert òg stort sett levert digitalt på førespurnad.

Vi kan òg melde at arkivinnsyn på lesesalen vår jamfør året før var over dobbelt så populært og at dette medførte at vi var nøydde å bruke 7 gonger så mykje ressursar på denne tenesta i 2017 samanlikna med 2016. Vi fortsette i 2017 å vise fleksibilitet i lesesalstenesta ved enkelte gonger å avtale ettermiddag og kveldsope, slik at besøkande kunne få god tid til å sjå på arkivmaterialet når dei fyrst er komne på lesesalen.



Tabell 4. Oversikt over ekspedisjonar frå eldre saksarkiv og personregister 2010-2017

DIGITALT SIKRINGSDEPOT


Undersøkingane frå Riksrevisjonen og Riksarkivaren påpeikar at mange av kommunane har særlege utfordringar med uttrekk, bevaring og gjenbruk av elektroniske register, fagsystem og arkivsystem.

Våre eArkiv-kartleggingar syner at det berre er 44 % eller 103 av dei 237 eArkiva som skulle vore deponert som var deponerte ved utgangen av 2017. Vi har dei to siste åra forsøkt å vere ein pådrivar og lage ulike incentiv for at eigarkommunane skal deponere eArkiva sine. Sjølv om dette har ført til at det er deponert om lag like mange system dei to siste åra som dei sju føregåande, er det ikkje bra nok.

Dette er eit **varsel** om at endring må til. I tillegg veit vi at det er over 350 system som i prinsippet skal avsluttast og overførast til eDepot som eit resultat av kommunereforma. Vi er saman med eigarane nøydd å investere samt få på plass ein tydeleg strategi, solide planar og aksepterte og anerkjende arbeidsprosessar om vi skal unngå digital demens i tida framover. Vi er òg avhengige av å få kommunane med på å auke fokus på datakvalitet i elektroniske register, fagsystem og arkivsystem.

Vi vil difor legge fram ei ny finansieringsløyising for eArkiv-tenesta i løpet av 2019 som og inneheld ei arbeidsløype som støttar nye krav i forskrift og lovverk.

I mellomtida vil vi arbeide for at kommunane skal deponere fleire systemførekomstar. Det er òg eit stort behov for å jobbe med datakvalitet. Sjølv om det er deponert like mange system dei to siste åra som dei sju føregåande er vi langt frå der vi skal vere.



Tabell 5. Oversikt over system i eigarkommunane pr. funksjonsområde 1980-2015

ORDNING AV PAPIRARKIV 1965-1985

Arkivforskrifta pålegg alle kommunar å arkivavgrense, kassasjonsbehandle, ordne og registrere arkiva sine fram til og med 1985 slik at dei kan formidlast til forvaltninga så vel som til publikum. Arbeidet skulle etter forskrifta vore ferdigstilt for mange år sidan, men dette er ikkje gjort. Det vil seie at arkiva frå 1837-1964 er ferdig ordna, men arkiva frå 1965 til 1985 er det ikkje⁵.

Vi tok difor våren 2014 initiativ til eit felles prosjekt. Arbeidet med å ta att etterslepet av ordning av arkiv frå 1965 fram til 1985 starta som eit prosjekt hausten 2015. Arbeidet var planlagt å ta 25 år og legge beslag på vel 1/3 av arbeidsressursane innanfor eigartilskotet.

I byrjinga av 2014 var det berre 2 av 32 eigarkommunar som hadde ordna arkivene sine fram til 1985. Ved utgangen av 2017 er dette auka til 11 av 32. Så langt i prosjektet er det totalt ordna om lag ein halv kilometer arkiv, derav 135 meter i 2017. Det er att 19 årsverk eller 2689 hyllemeter arkiv før vi er ferdige.

Då Stortinget sommaren 2017 vedtok at talet på kommunar i Hordaland frå 2020 skulle reduserast frå 33 til 25, førte dette til at samanslåingskommunane òg vart gjeve pålegg om å deponere alle arkiva sine ferdig ordna til depot innan 31.01.2020. Vidare gjennomførte Arkivverket i 2016 og 2017 fleire tilsyn hos andre kommunar i Hordaland som ikkje var omfatta av samanslåing. Tilsyna resulterte i at det vart gitt pålegg om straks å ordna arkiv fram til 1985 og deponere desse til arkivdepot. Samla sett slo desse hendingane delvis beina under ordningsprosjektet 1965-1985, då eigarkommunane no får ei mykje kortare frist til å kome i samsvar med lov og forskrift.

Arkivverket har vore tydeleg på at om kommunane overlèt til andre, som til dømes IKAH å ordne arkiva deira før deponering, skal det lagast ein oppdragsavtale, ein finansierings- og framdriftsplan samt at arbeidet ikkje bør ta meir enn 4-5 år. Dette medfører at det pågåande ordningsprosjektet 1965-1985 vert avslutta i si noverande form ved utgangen av 2019. Ordningsarbeide som er byrja vil verte ferdigstilt. Frå og med 2020 vil vi tilby å ferdigstille alt anna ordningsarbeide gjennom ein eigen tidsavgrensa oppdragsavtale i tråd med ynskje frå Arkivverket.

⁵ Arkivforskrifta pålegg at arkiv som er eldre enn 25-30 år skal vere ferdig ordna og deponerte.

OPPDRAGSAVTALER


Som eit resultat av kommunereforma og Arkivverket sin nye tilsynspraksis, har vi sidan 2016 fått ei enorm auke av kommunar som ynskjer å levere uordna arkiver til ordning. Vi har difor tilbydd dei som ynskjer å teikne eigne oppdragsavtalar i tillegg til det som vert gjeve gjennom eigartilskotet.

Gjennom 2017 hadde vi sju pågåande ordningsoppdrag i tillegg til at det mot slutten av året vart teikna ein ny stor oppdragsavtale. Samla sett er det til no i økonomiplanperioden 2017-2021 inngått avtalar for om lag 4,3 millionar kroner, medan fleire er under arbeid. Vi gjorde i tillegg kartleggingar av egedomsarkiv for 11 kommunar. Kartleggingane var ein del av anbudsgrunnlaget då desse kommunane skulle digitalisere egedomsarkiva sine.

Vi har eigne tilsette til dette arbeidet og får gode tilbakemeldingar på tidsbruk og kvalitet, men ser at det er naudsynt å auke bemanninga om vi skal klare den aukande etterspurnaden. Det er òg viktig å arbeide med kvalitetsforbetring av denne delen av tenesta.

RÅDGJEVING OG FAGLEGE TILSTELLINGAR

Riksrevisjonen sin rapport frå 2011 slo fast at om lag 80 % av kommunane såg behovet for å styrke arkivleiarane og saksbehandlarane sin faglege, juridiske og IT-arkivfaglege kompetanse. Vidare såg ein at manglande opplæring, rutinar og oppfølging gjev stor risiko for at dokumentasjon går tapt og at umiddelbare tiltak var naudsynte.



Tabell 6. Kommunebesøk 2002-2017

I 2017 brukte vi 89 dagsverk ute i eigarkommunane i samband med rådgjeving, opplæring, oppdrag og kartleggingsarbeide. Vi auka aktiviteten ute i eigarkommunane med 36 % frå

året før. Det vart gjennomført besøk i 21 av eigarkommunane og totalt 347 personar deltok på seminar, kurs og tilstellingar i vår regi, noko som er ei dobling frå året før.

Alle utgifter til kurs og arbeidsverkstad er dekkja via eigartilskotet. Seminar vert dekkja via sjølvkost.

Vi har dei siste åra gjennom regionsamarbeida gjennomført møter med eigarkommunane. I samband med kommunereforma vart det teke initiativ til møter der ein orienterte om arkivmessige utfordringar i samband med kommunesamanslåingar. I 2017 vart det og starta eit stort prosjekt med hensikt å lage ein felles bevaringsplan for alle eigarkommunane.

Som eit ledd i arbeidet med å styrke vår kompetanse, har vi delteke på Samdok-konferansen 2017⁶ og KAI-konferansen 5.-7. september i Bergen som òg vi var med på å arrangere.

Vi har òg arrangert vår eigen 30-års jubileumskonferanse. Tilsette har og delteke på Norsk Arkivråd sin Høstkonferanse, kurs i bevaring og kassasjon samt kommunereform. Vi har òg delteke på møter og samlingar, mellom anna med Arkivverket, Fylkesarkivet og KS-Bedrift.

I alt har selskapet samla nytta om lag 7 % av arbeidstida til å styrke kompetansen.

UTVIKLING AV DIGITALE TENESTER

I 2016 starta vi saman med Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane, finansiert med prosjektmidlar frå Arkivverket og Arkivplan.no, eit prosjekt kring bestandskartlegging eller hausting av meta-data kring arkiver i samband med arkivkartlegging. Prosjektet, som vart kalla snøkløkkeprosjektet, leverte i desember 2017 ein app for IOS/Android som er kopla til internkontrollsystemet arkivplan.no. Denne appen gjer at ein både med og utan tilgang til internett vil kunne registrere arkiv utan penn og papir. Ein kan òg ta bilete av arkiva og jobbe med meta-data for seinare bruk til t.d. import i andre portalløysingar eller til å lage bestandslister. Utrekningar som vi har fått gjort syner eit betydelig potensiale for å både spare tid og bidra til at arkiva kjem opp or kjellaren og ut til forvaltninga og publikum.

Samarbeidet med Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane gav meirsmak, og i 2017 starta vi eit prosjekt som vart kalla «trygg tilbakelevering». Prosjektet er finansiert med prosjektmidlar frå Arkivverket. Målet er å utarbeide ei bransjenorm for å digitisere og levere personregistermapper tilbake til forvaltninga på ein sikker måte. I 2017 vart det gjennomført ein pilot der vi leverte innsyn i personregister via Altinn med sikkerheitsnivå 4 BankID til kommunen sin Altinn-innboks. Resultata har vore opplyftande, og arbeidet med å digitisere forvaltninga vil, når det er implementert hjå alle kommunane, spare eigarane våre for til saman 400 000,- årleg i porto og administrasjonskostandar.

I oktober 2017 vart det òg opprett ei eiga 60 % prosjektstilling som skulle arbeide med å førebu dei digitale samanslåingane for 8 av dei 13 kommunane som var i kommunereforma. Arbeidet tok utgangspunkt i sjekklista til Difi, som er digital koordinator i kommunereforma,

⁶ Samdok (Samla Samfunnsdokumentasjon) konferansen er arrangert av mellom anna Arkivverket. www.samdok.com.

og Arkiverket sine generelle pålegg, samt arkivfaglige digitale konsekvensar som følgje av samanslåing. I 2017 vart det gjennomført vi to møter og ei samling for arkivleiarane i tillegg til at vi tilbydde prosjektstøtte i form av hjelp til avklaringar, kartleggingar, kostnadsberekningar og generell rådgjeving.

SOSIALE MEDIA OG INFORMASJON

Vår eiga brukarundersøking peika på behovet for å betre kontakten med eigarkommunane og eit ynskje om at IKA Hordaland skal vere meir synlige. Bruk av sosiale media er med på å bygge eit godt omdømme og synleggjer oss som arkivinstusjon. Sosiale media vil i framtida vere ein av våre viktigaste kommunikasjonskanalar, både for å gjere oss tilgjengelege og for å gje informasjon om arkiva.



tor_med_hammer Denne preikestolen er omtrent identisk med den som i dag står i Manger Kyrkje. Den kyrkja vart ferdigstilt i 1891. Og det var same arkitekt. Preikestolen er svært vakker! 😊

ikahordaland @tor_med_hammer Tusen takk for interessante opplysningar 😊 vi har leita etter teikningar av Manger kyrkje i våre arkiv, men ikkje funne noko enda. Men dukkar det opp publiserar vi teikningane på instagram!

tor_med_hammer @ikahordaland Det hadde vore interessant å sjå teikningane. Ein lurar jo på kor detaljerte dei var. Dette var jo ei stor kyrkje, ei av dei største i Hordaland. Reknar med at arkitekten oppbevarte sine teikningar ein stad, men kanskje dei ikkje vart offentleggjort av ein eller annan grunn! 😊

Bilete frå Instagram og kommentar frå publikum

Vi har i løpet av 2017 vore aktive på fleire sosiale media som både Facebook, Twitter, Instagram, Snapchat, Flickr og vår eigen formidlingsblogg. Sosiale media vert nytta til å informere, inspirere, gjere oss meir synlege og for å skape ein god brukardialog. Facebook, Twitter, Instagram, Snapchat og blogg blir nytta som informasjons- og inspirasjonskanalar, medan Flickr i større grad nyttast som ein database for bilete. Nytt av 2017 var bruk av Snapchat. Denne kanalen nyttast til formidling av «bak-scena», som til dømes i samband med reiser ut til kommunane med meir.

Instagram er den mest populære kanalen, og i desember 2017 bikka vi 1000 følgjarar. Både føljetongen *Marble Monday*, som er måndagsbilete av marmorerte protokollar, samt bilete som til dømes det frå Manger kyrkje er med på å skape engasjement blant publikum.

Hausten 2017 oppretta vi ei «lukka» Facebook-gruppe som vi kalla «Arkivsnakk». Dette skal vere eit forum for dialog mellom arkivleiarar og arkivtilsette i kommunane. Aktiviteten er framleis liten, men vi håpar at dette skal utvikle seg positivt og bli ein god kanal for diskusjon, også arkivleiarane imellom.

Vi ser det som viktig å hauste erfaringar frå andre som lukkast med bruk av digitale verktøy både for å formidle arkiva, men òg for å kunne levere rettleiing og informasjon til tilsette i eigarkommunane.